



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 4, 64. ÅRGANG, 2025



Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Ingrid Meyrick, Gunvor Hegge,
Marit Hegde, Oddveig Holdal Weeg og Eli Vatn.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751
Lay-out: designsaskia.no
Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

FRAMSIDE:
Kristneteppe, truleg vove av Randi Lie (1886-1950)
Flettingane er laga av Borghild Dahle (1919-1992)
FOTO: Kolbein Dahle

 DEN NORSKE KYRKJA
ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekkontoret, Tingvang,
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes
E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no
KONTORTID: Alle dagar 10-14

KYRKJEVERJE: Ove Ekerbakke	481 40 309
PROST: Carl Philip Weisser	915 55 504
VIKARPREST: Dag Henrik Berggrav	994 96 064
SOKNEPREST: Ola Viker Lunde	976 16 606
SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARB.: Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
KYRKJELYDSARB.: Marianne Straum	901 21 647

Vikarprest Dag Henrik Berggrav tom 24.12.2025
Sokneprest Ola Viker Lunde tilsett frå 01.01.2026

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE VIPPS: 513422
Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Ole Martin Alfstad

VOLBU KYRKJE VIPPS: 590221
Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Lene Viste

LIDAR KYRKJE VIPPS: 135151
Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE VIPPS: 587467
Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Wenche Melbybråten

VIKARPREST DAG HENRIK BERGGRAV
HAR ORDET

Noen spredte tanker fra
vikarpresten fra hytten sin
en dag i «Novent»



NOVENT
Novent er kanskje et nytt ord for de fleste, men jeg håper det ligger godt an til å bli kåret som årets ny-ord av Språkrådet. For når jula til og med har sneket seg oppover dalen fra Oslo til Øystre Slidre allerede i slutten av oktober, da er Den nye Juleskikken virkelig i ferd med å slå rot. Å selge julepynt på Fagernes i oktober og sette opp julelys og julestjerner i vinduet i begynnelsen av november – da tenker presten; La oss ta jula tilbake!

Men det er ikke det som dominerer prestens tankevirksomhet mest nå som vi igjen nærmer oss jul, og det atter skal lyse i stille grender.

TAKKNEMLIGHET
«Det er bedre å tenne et lys enn å forbanne mørket», er nok et bedre fokus å ha i disse ulvetider som råder mange steder i verden for tiden. Det kan være mye å glede seg over i de nære omgivelser, selv om livet også kan være både utfordrende, smerte- og sorgfullt.

Jeg takker for denne tiden jeg har fått fungere som prest i Øystre Slidre noen måneder, samtidig som jeg fikk bo på min hytte på Juviken. Takknemligheten over på ny å dukke ned i Skriften for å lete frem noen gudsord som kan bety noe for folk i glede og sorg, har vært meningsfullt for meg. Det å treffe den enkelte har likevel vært det viktigste og hyggeligste.

Og så dette – å kjøre til gudstjeneste i Rogne kirke og lure på hvorfor det var så mange som flagget langs veien, ble en ny oppdagelse for meg. Det var jo ikke for å ønske presten velkommen, men fordi det skulle være to dåp den søndagen. Det er en god tradisjon som jeg tror man bare ser på bygda. Den må opprettholdes!

BEGRAVELSER
Takknemligheten over å oppdage nye skikker ved begravelser har også vært en stor glede. Etter å ha stedt Margith Hovengen til hvile i Lomen kirke, fikk presten oppleve noe nytt.

For det første fikk jeg høre Aage Sogn fra Dokka spille trekkspill i begravelsen – noe som var utrolig passende og vakkert! For det andre fikk jeg for første gang oppleve å få applaus for begravelsen i minnesamværet på Ristetunet.

I Hegge kirke fikk presten den ære å holde begravelsen til Knut Presthegge, som ble født på Presthegge gård ved siden av kirken, i vakkert og varmt høstvær. Jeg kunne ikke dy meg for å humre litt over sammentreffet av flere prest- og Hegge-er her. I denne begravelsen fikk jeg også oppleve noe nytt. Familien hadde lagt en hammer på kisten. Hammeren hadde deres far svingt i mange år gjennom et langt liv.

«DEN FYSISKE OG ORDLAUSE OMSORG»

Hammeren var et flott syn som presten kunne trekke veksler på- med følgende tanker fra forfatter Lars Mytting, som akkurat har kommet ut med ny bok: Hel ved 2. Ifølge Lars Mytting risikerer vi å miste et helt kjærlighetsspråk når vi beveger oss bort fra det fysiske arbeidet – et språk som tilhører den som kan det praktiske, men som kan hende føler seg litt klønete når det gjelder store ord (om Gud kanskje?). Det handler om den ordløse omtanken. Han beskriver det som et stille språk mellom mennesker som gjør noe sammen- der handlingen taler i stedet for ordene. Når man ikke helt vet hva man skal si, begynner man gjerne å sjaue litt, rydde litt.

Det er også en måte å vise omsorg på og noe å tenke over nå som julen nærmer seg! Guds omsorg viser seg ofte gjennom vår praktiske omsorg for hverandre. Og her kan det være på sin plass å minne om ordene til Jon Fosse: «dess meir ein snakkar om Gud dess meir forsvinn det ein snakkar om» (fra Draum om hausten)

Det er litt av en utfordring for presten å ta på strak arm.

Ønsker alle en fredfull jul!



Når dagane i desember er på sitt mørkaste, kjem jula med lys og håp. I krubba ligg eit nyfødd barn – eit liv som tek til, men også ei gåve som blir gitt. Ikkje berre til Maria og Josef, men til heile verda. I det vesle Jesusbarnet møter vi ein Gud som vågar å vere liten, som vågar å vere nær. Han kom til oss som eit nyfødd barn, det skjøraste og mest verdifulle vi har, heilt avhengig av menneska rundt seg. Barnet i krubba minner oss om kor sårbare og avhengige vi er.

Det var Maria som bar han fram, fødde han i ein stall og gav han varme og nærleik. I Maria si omsorg for barnet kjenner vi att kjærleiken frå Gud. Og i Jesu tillitsfulle blick anar

Juleevangeliet



Madonna og barnet heng i Vallset kirke som er 175 år i år. Foto: Steffen Laursen

vi julemysteriet: At Gud overgir seg til mennesket. Gud gjer seg til eitt med alle i verda som er forsvarslause, makteslause og svake. Slik oppmodar han oss til å kjenne att Gud i alle menneske – også i oss sjølve. I barnet blir avstanden mellom oss viska ut.

Juleevangeliet lèt oss ane det mysteriet det er, at livet har eit feste som er så uendeleg mykje større enn våre eigne krefter. Verda og livet kviler i ein kjærleik som skaper lys der mørker rår, rettferd der urett er gjort, tru der fortvilinga har fått feste. Julebodskapen er så storslått, og samstundes så nær. Det er eit under og ei gåve. Det er Ordet som blir menneske, og som tek bustad mellom oss. Det er Guds son, lagt i våre hender.

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er

*Du ser på meg blidt og stille –
da undres jeg over at ord
som Angsten og Hatet og Hevnen
er kjent av noen på jord.*

*Så lenge et hjerte skapes
hellig og reint som ditt,
skal mennesket tro og håpe
trass alle tap det har lidt.*

*Jeg løfter deg, barn, som en visshet
mot skjæret av Ragnarok-rødt:
I lyset av regnbuens løfte
blir barnet – vår frelser – født.*

Hans Børli “Barnet”

Velsigna julehøgtid!

det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

**«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»**

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som hørde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøyymde alt dette i hjartet sitt og grunna på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.

Verdivandring

med Ola Viker Lunde, ny sokneprest i Øystre Slidre.

TEKST OG FOTO: ELI VATN



Vi får møtest på midten ein stad. Ola bur i Hov i Land, er førebels vikar i Etnedal før han tek til som prest i Øystre Slidre etter jul. «På midten» vert i min favør Aurdal, og høveleg nok møtast vi utanfor Aurdal kyrkje.

Eg trur at alle På kyrkjeveg sine lesarar, er interessert i kva for verdiar som er viktige for den nye soknepresten vår.

Ola Viker Lunde langs pilegrimsleia med kyrkja i sikte.

Ola treng ikkje tenke seg om lenge: - Eg er oppteken av å ikkje vera fordomsfull, eller dømme folk på førehand. Eg har arbeidd på Riisby behandlingssenter for rus og psykiatri. Eg var prest der i sju år, og har mang ein gong opplevd å møte rusavhengige, som

du kan tenke ikkje har så mykje sjanse til å komme seg på rett kjøl. Mange kan kome attende både ein og fleire gonger, men så opplever ein at dei berre kjem attende for å fortelje at no går det bra. Det er sårbart å kome heim etter eit opphald på ein slik institusjon; du møter

livet som med mykje rus har blitt ganske vanskeleg, relasjonar er øydelagde, økonomien kanskje óg. Men eg sa alltid når nokon reiste heim: «Eg har tru på deg».

Vi møtest her i synet på noko den pensjonerte soknepresten òg synest er

så viktig; at tru er ei kraft, ikkje først og fremst at ein tek stilling til ein hypotese eller eit standpunkt. Eg minnest ein som hadde undersøkt kva som var den viktigaste faktoren for at det skulle gå bra med unge som var komne litt ute å kjøre. Det var at nokon nær dei hadde genuin tru på dei.

Vi går på pilegrimsvegen mellom Hedalen og St Tomas kyrkja, og Ola samanliknar denne med vegen ein rusavhengig må gå. Det er som ein pilegrimsveg: Ein har eit mål, men det er parti med kratt og mørke der ein kan miste målet av syne. På denne vegen står hjelpeapparatet og kan gje støtte, mot og peike på målet. Slik er det òg med dei som står den avhengige nær; dei som gjerne vert kalla med-avhengige. Liva deira blir ofte styrte av den som er rusavhengig, men målet er at dei også kan vera lykter i mørkret eller støtte for dei, men vegen må den avhengige gå sjølv.

Eit fint bilde tykkjer eg, ikkje berre for rusavhengige, men for oss alle: Vi har alle ein veg vi går, som vi faktisk må gå sjølv, men så står det folk som lyser opp eller støttar langs vegen – eller det er vi som lyser for nokon. Vi snakkar om å vera medvandrarar. Den trua vi har på kvarandre er òg av stor verdi.

Ola er også oppteken av å arbeide mot utanforskap i kyrkja og bygda:

- Eg lever eit liv ikkje berre i kyrkja, eg er glad i å gå på jakt, har vore med i skyttarlaget og vil gjerne møte menneske i alle slags samanhengar. Eg trur det er viktig at den som kyrkja sin representant, møter menneske over alt.

- Mennesket sin verdi er viktig for meg, held Ola fram. Vi er alle skapt i Guds bilde, og Gud elsker oss alle.

- Eg tenker i mitt stille sinn at det var godt han ikkje sa «Vi er alle gode nok», for det er det mange som ikkje kjenner seg att. Eg tenker det er heilt naturleg at vi kjenner på at vi ikkje alltid lever opp til vår eigen standard, eller det vi tenker er Guds standard heller. Så fint at han sa «Gud er glad i oss alle».

Som om han las tankane mine: Det er så bra at vi kan be om tilgjeving - og kan tilgje.

- Tilgjeving er ikkje alltid så enkelt, seier eg; i alle fall dersom dei som har forbrote seg ikkje vil ha tilgjeving.

- Nei, det er ikkje alle som vil vedgå at dei har noko å be om tilgjeving for, og det kan vera svært vanskeleg å tilgje. Jøden Simon Wiesental vart under krigen kalla til ein tysk offiser som låg for døden og som vedkjende at han hadde drepe og torturert mange jødar, og han ba Simon om å tilgje seg fordi Simon var jøde. Simon gikk derifrå utan å tilgje. Han brukte resten av livet på å grunne på om det var riktig.

- Å ikkje kunne tilgje er også ei bør for den som ber nag, seier eg; det er ein nåde om du kan la det fare.

Vi er komne attende til kyrkja, og eg spør til slutt: Kva tenker du elles det er fint at folket i Øystre Slidre veit om deg?

- Eg er 53 år, gift med Hilde som er kyrkjeverje i Søndre Land, og vi har ei dotter på 10 år, Marianne, som er glad i kunst. Familien min, og at dei har det bra betyr mykje for meg. Eg har ikkje så stor familie, mor og syster i Oslo og ein bror i San Diego med sin familie.

Eg er glad i å lesa, glad i jakt og fiske. Vi har ein hund, ein dunker som eg likar å lufte, men som ikkje duger til jakt. Eg er glad i mat og likar å lage mat. Til helga skal eg på guttetur på fjellet, og ein av kompisane er fransk kokk! Andelår er på menyen!

- Eg gleder meg til å bli kjend med folket i Øystre Slidre. Eg vil gjerne høyre kva dei tenker om kyrkja, gudstenesta og kva ein elles kan gjere. Eg vil gjerne bli meir kjend med alle kyrkjene og historia deira. Eg likar å arbeide med born og unge og ser fram til å ta til med det. Eit godt arbeidsmiljø betyr mykje.

- Godt arbeidsmiljø får de alle, det kjenner eg på meg.



KYRKJELEGE HANDLINGAR JUNI - SEPTEMBER 2025

DÅP

ROGNE KYRKJE
Markus Furulund
Elise Nerstad
Kristoffer Grydeland
Embrik Bøhn Rogne

VOLBU KYRKJE
Sunniva Nerjordet Karbø

HEGGE STAVKYRKJE
Hans Sørums Strand

GRAVFERD

HEGGE STAVKYRKJE
Knut Presthegge
Sigmunn Rakstad

ROGNE KYRKJE
Jan Ole Tidlund





Frå barnemunn

TEKST OG FOTO: MARIT HEGDE

Sjølveste Halloween-dagen får eg lov til å snakke med fem ungar i Rogne barnehage. Det er 5-åringane Andris Skattebu Alund, Sigurd Rogne, Aksel Gjeile Bøe, Liander Quezada Kolstadbråten og Ingeborg Myrvold Hummelvoll.

Alle gler seg til halloween. Dei skal kle seg ut og få godteri. Det er ikkje heilt lett å koma i tale om jula.

- Veit de kva ei høgtid er? Ein stor fest for alle, som vi plar gleder oss til?

- Neeei
- Men veit de kva jul er for noko?
- Ja, at mø får gaver av nokon mø kjenner.

- Og julenissen!!!
- Er det noko ein gjer før jul da, for å førebere seg? (Då må dei ha litt hjelp) ... plar de å baka noko?

- JA, pepperkaker!
Det gjer alle. Nokon bakar litt heime, ein bakar både muffins og pepperkaker. Det er ikkje så lett å hugse. Intervjuaren blir korrigerert når ho seier at det er eit år sidan sist, for det er bare 8 måneder, seier Andris, det er jo ikkje jul nå! Det er 2 månader til!

- Lagar de nokon ting da?
- Eg prøvde å laga ein julenisse, men det funka ikkje, den var full av is!

- Dei er glad i graut, veit eg. Nokon folk set ut graut til julenissen, men ikkje eg.
- Julenissen sitt rådyr kan eta gulrøter og litt mjølk. Han er raud på snuten!

- Er det noko de gler dykk til til jul?
- Ja, for eg har fått dei vottane på jul.
- Julenissen er usynleg ute, men blir synleg inne.

- GAVER!
- Veit du kva eg gler meg til med jul? Å få legoklossar, sånn som mø har i barnehagen.

- At mø får racerbane. Eg har fått racerbilbane med tre og dinosaurar, men eit tre blei ødelagt.
Ingen kan hugse at dei har vore i kyrkja nokon gong, men ein har vore i begravelse til oldemor si. Det var i kyrkja.

- Veit de kvifor me feira jul? Kven som blei født da?
- Veit du ko eg og mamma skal i kveld? Vi skal si bø fordi eg skal få godteri.
- Eg skal kle meg ut som ei heks
- Ingen veit kva eg skal vera
- Eg er ikkje redd for heks!
- Ei snill heks.
- Eg skal og vera heks
- Eg skal vera zombie!
- Det er eg redd for!

Nei, dei har nok ikkje tenkt så mykje på jula ennå. Eg må hjelpe dei litt.

- Hugsar de noko frå jula i fjor? Hadde de

noko spesielt inne, i stua?

- Juletre!
- Veit du ko eg pleier å ha? Eg pleier å ha bilar og alt rotete, eg...

- Hugser de kva som var øvst i treet?
- Stjerne!
- Andre ting?
- Pynt! Kuler og blinkande lys.
- Og så kan vi ha lommelykt når stjerna er tå.

- Hugsar de siste gong det var jul?
- Jesus er blitt født no.

Vi snakker litt fram og tilbake om dette, dei høyrde i fjor om dei tre kongane som kom på besøk.

- Jesus kunne òg ha krone.
Alle har høyrte om Jesus i barnehagen.
- Og mø har sett i ei bok.

- Kor gamal er Jesus? Jesus er eldre enn oss. Meir enn 5 år? Kanskje hundre? Eller hundreogtre, eller hundreogti!

Vi kjem fram til at han er 2025 år gamal. Då er han veldig gamal då! Kvar er han no? Vi blir einige om at han er oppe i himmelen.

Då er det snart klart for å reise heimatt og gjera seg klare til halloween!

Kanskje hugsar dei kva vi har snakka om når jula er der?



Barnas

Vits:

Veit du kva som er meitemarkens favorittsong? Svar: Deilig er jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe gjetarane å finne vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FARGELEGG



FINN FEM FEIL

Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet under?



Gi bladet Barnes til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 03 71 00



PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2 også vidare. Kva gøymer seg her?




I alle fire nummera av kyrkjebladet dette året har vi tatt for oss gamle tradisjonar brukt i kyrkjelege handlingar.

Kristneteppe

TEKST: GUNVOR HEGGE



Foto utlånt av Valdres gravferdsbyrå



Detalj av kristneteppe
Foto: Gunvor Hegge



Reiva unge i kristneteppe.

Frå boka «Frå Versailles til Valdres»

Foto: Magny Karlberg

«åklæ o kristnetæpe va det berre ei o an so vov».

I våre dagar er det Marit Anny Løken Tvenge som har drive dette arbeidet lengst, gjennom meir enn 30 års produksjon i vevstogo si i Vestre Slidre. Ho har mellom anna levert kristneteppe til Dalai Lama, Stortinget og kronprinsparet!

Kjelder: Årbok for Valdres historielag 2010 og Valdresmagasinet



Marit Anny Løken Tvenge
Foto: Gunvor Hegge

Valdres har ein lang tradisjon med bruk av det vi her i dalen kallar kristneteppe, eller «kristnatepen». Teppet er vove i skilbragd, ein spesiell teknikk som ein har funne i store delar av landet. Namnet tyder på at det har vore brukt til dåp, men teppa har også vore knytt til dei andre store høgtidene i livet. Det er likevel bruken ved dåp som har vore den viktigaste funksjonen til teppet. Dei gamle teppa var lette og mjuke, og passa godt til å tulle eit lite barn inn i for å halde varmen. Teppet skulle innhylle og beskytte ungen på veg ut av heimen og fram til kyrkja, og etter dåpen måtte ungen sova i det før det vart teke vekk. Men kristneteppe var noko meir enn berre eit teppe. Symbolfunksjonen det hadde var like så viktig. Ein trudde det hadde vernande makt. Teppet vart også brukt ved andre høgtider. For eksempel på altarringen og knefall ved bryllaup, og på krakken under kista ved gravferd.

Til jul vart skilbragdteppe brukt i høgsetebenken, og vart då gjerne kalla «hægset-tepen» eller høgseteteppe. Desse var litt større enn kristneteppe,

iflg Ingrid Skattebu, f. 1887. (Valdres Bygdebok 5). Eilert Sundt, ein norsk teolog og samfunnsforskar på 1800-talet, skreiv i boka «Om renlighets Stellet i Norge»: «Væggene beklædes der med brogede Aaklæder og langs Skabkanten samt den øverste Veggstok henges hvide Flettingar....» Desse flettingane, eller «hankleda» (av å henge), var oftast vovne av lin og mønsteret laga av firfletting eller filering. Etter kvart som kunnskapen og om desse teknikkane vart mindre, vart mønsteret på hankleda hekla.

Fargane raudt og sauesvart, saman med den kvite renninga og innslag av lin, går att i alle kristneteppe i Valdres. Andre vanlege farger var grønt og blått og noko gult. Magny Karlberg sa at ein eldre informant for mange år sidan sa at raudfarga sto for den heilage ande. Den måtte vera med. Kva andre fargar som måtte vera med, sa ho ikkje noko om. Dagens tepen har oftast fargar og mønster, det er ikkje tilfelle med eldre tepen. Frå gammalt var garnet plantefarga, og det var ikkje alltid ein fekk til nok garn av nøyaktig den farga dei ynskte. Valdres Bygdebok fortel at



Salmekveld i 20 år

TEKST: INGRID MEYRICK FOTO: ODDVEIG HOLDAL WEEG

Fleire år har vi kome saman for å syngja salmar saman. Dette er eit lågterskeltilbod som ser ut til at mange set pris på. Det begynte for over 20 år sidan i prestegarden i Volbu med Arne (Wilter) og Marit (Hegde). Så var det eit opphald til Marit flytte til Rogne og starta opp att i Rogne kyrkjestogo saman med Sigrid Dokken. Då pandemien kom, stoppa alt opp ei stund. Men salmesangen kom snart igang att, og etter kvart har eg fått lov til å bli med. Salmeglade folk frå heile Øystre Slidre- ja, endåtil frå nabokommunene- fyller kyrkjestogo med sang heilt opp til taket ein måndag kvar månad, mykje takka vera vår eminente akkompagnatør.

Ei av dei faste gjestene har skrive litt om korleis vi har det her. Kom og bli med! Det er plass til fleire!

Salmesong i kyrkjestogo

I kveld har eg vore på salmesong i kyrkjestogo i Rogne. Det er like koseleg kvar gong.

Då eg vaks opp, var det vanleg å gå på syndagsskule. Det gjorde eg og søskena mine og. Vi var glade i å syngje, og forteljingane om Jesus fortalt med flanellograf var store og spennande opplevingar for oss.

Då eg starta yrkeslivet mitt som lærar i barneskulen, skulle vi starte dagen med ein høveleg song. Vi song mykje både salmar og andre songar. No er det ei anna tid.

På salmesong er det Marit Hegde og Ingrid Meyrick som styrer skuta med god og varm ånd. Vi blir tekne godt imot allereie i gangen. Så finn vi plassane våre rundt borda, og så er vi i gang.

Den fyrste økta er førebudd. Det er salmar både av det gode, gamle slaget, og nokre litt nyare. Alle syng med den stemma

dei har. Om melodi og vers er ukjent, må det øvast litt, og kanskje vi syng fyrste verset fleire gonger. Marit er solid på piano, så vi får god hjelp.

Ingrid har funne fram ein tekst for dagen. Det kan vera frå preiketeksten den syndagen, eller ein annan høveleg tekst. Så er det ei god kaffipause med noko attåt, gjerne ei heimelaga kake- vi tek på oss kakebakinga etter tur. Då går praten, og stemninga er god.

Etter kaffipausa har vi «ynskjekonsert». Då kan alle komme med ynskje om kva dei vil vi skal syngje.

Her og er det både nytt og gammalt. Marit klarer å spele alt. Det er imponerende.

99 prosent av salmane vi syng er norske, men vi syng nokre svenske, til dømes «Bred dina vida vingar.» Den syng me som avslutning.

- Liv-Karin Vambeset Skogen

Den gylne time 20 år

TEKST OG FOTO: ELI VATN

Den 27. november feira Den gylne time sitt 20-årsjubileum, og Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum sa takk for seg som den alltid smilande og imøtekomande vert. Vel eitt år etter oppstarten på Den gylne time var Anne Britt innom og skjønte at presten kunne trenge nokon som kunne hjelpe med det praktiske og avlaste henne med å stå i døra og dele ut salmebøker og program. Ho kallar seg sjølv for «fadder for Den gylne time»; eit fadderansvar ho har take svært alvorleg. Når presten har teke sumarferie, har ho stilt like trufast for å hjelpe vikarane til rette!

For meg som har vore prest på dei fleste gylne

timar, har hennar støtte og «fadderskap» vore uvurderleg. Eg har ikkje vore aleine om å «bera» Den gylne time.

Det gler meg svært at Den gylne time ser ut til å vera liv laga også etter at eg har slutta som prest, og prestane i prostiet har vist stor vilje til å kome til Lyskapellet og halde Den gylne time. Ein prest kan alltid erstattast, verre er det no med Anne Britt!

Men kan hende finnst det andre der ute som kan ta hennar rolle i framtida. Det ville vi verkeleg sette pris på. Men først no, skal vi takke og sørge, men og glede oss over det lyse preget Anne Britt har sett på Den gylne time alle desse åra.



Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum, fadder for den gylne time.

Ungdomsmiddag

TEKST OG FOTO: MARIANNE STRAUM

Kvar torsdag på Briskeby ungdomshus blir det servert gratis middag til ungdommar, gjennom eit samarbeid mellom felleråda i Valdres og Nord-Aurdal kommune. Elevenesta ved Valdres vgs. og ungdomskontakten i politiet er og innom. Rigmor Orderdalen Tveit er for det meste matansvarleg og utarbeider menyen saman med ungdommane.

Den dagen eg var innom vart det servert Sør-Afrikansk kyllinggryte på Valdres-vis. Ungdommane skryter av kokkane og set stor pris på tilbodet. Dei som er innom bur til dømes på hybel, skal vidare på fritidsaktivitetar, eller er berre innom for det sosiale.



Rigmor Orderdalen Tveit



KYRKJEVERGEN HAR ORDET

Gode nyheiter for Hegge stavkyrkje!

Det skjer spennande ting rundt Hegge stavkyrkje! Øystre Slidre kyrkjelege fellesråd har gjennomført eit viktig forprosjekt for å ta vare på denne unike kulturarven. Prosjektet er finansiert av Kyrkjebevaringsfondet, og gir oss eit godt grunnlag for vidare arbeid med å sikre kyrkja for framtida.

Kva har vi funne?

Tilstandsanalysen viser at stavkyrkja stort sett er i god stand, men ho treng litt kjærleik og vedlikehald. Fasadane må få ny linoljemåling, og taket – som er tekt med lappskifer – har nokre skadar og manglande stein. Det er også utfordringar med avrenning av takvatn som kan føre til fuktproblem. For å hindre slitasje og sikre bygget, planlegg vi no tiltak som kan innebere full omlegging av taket med undertaksduk og supplering av skifer.

Kva skjer vidare?

Vi har sendt søknader om midlar til:

- Eit eige forprosjekt for taket, slik at vi får kartlagt tilstanden grundig.
- Eit hovudprosjekt som skal ta hand om resten: utbetring av klimaskallet, reparasjon av panel, og eventuelle utbetringar av vindaug og dører.

Dette er ikkje berre teknisk arbeid – det handlar om å ta vare på historia vår. Hegge stavkyrkje er ein skatt som vi alle er glade i, og no legg vi grunnlaget for at ho skal stå trygg i mange hundre år til.

Vi ønskjer også å dele prosessen med dykk! Det blir oppdateringar på sosiale media, og vi håpar å invitere skular og andre interesserte til opne dagar der ein kan sjå korleis arbeidet går føre seg.

MIN SALME «Fager kveldsol smiler»



salme som en har et «spesielt» forhold til.

Jeg er ikke av dem som kan alle salmer og salmevers utenat, så jeg kjente det begynte å knyte seg litt i magen. Tidsfrist var det jammen meg også!-Og det var attpåtil mitt ansvar å skaffe noen! Først forsøkte jeg febrilsk å få noen andre til å ta oppgaven, men det var ikke så mange navn på blokk. Så da tenkte jeg: Hvor vanskelig kan det være? Og her sitter jeg da- og undrer meg over hvilke salmer jeg egentlig kan, og om de i det hele tatt betyr noe?

Det er mange år siden jeg reiv meg i håret over Ivar Aasen og diktanalyser, og jeg lovet meg selv: Aldri mer! Som soknerådsleder hadde jeg sett for meg kaffekoking, kirkevertsøndager og møteinnkallinger, men aldeles ikke salmeanalyse. Men et oppdrag er et oppdrag. Og kanskje er det sunt å stoppe opp litt, og undre seg over ting man vanligvis ikke bruker tid på å fundere på?

Heldigvis, og flaks for meg, så hadde jeg en barneskolelærer, Kari Høivik, som tok salmesangen på alvor. Takket være henne kan jeg fortsatt Fager kveldsol smiler, Deilig er jorden, No livnar det i lundar og Alltid freidig, uten å

måtte google tekstene.

Merkelig nok har Fager kveldsol smiler blitt en sang jeg tidvis synger for barna mine ved leggetid- uten at jeg helt vet hvorfor. Kanskje er det melodien, eller stemningen, som sitter igjen i kroppen- som et slags rolig pust fra barndommen? Kanskje det er dette folk mener når de snakker om «barnetro»? Noe som handler like mye om tradisjoner, tilhørighet og røtter, som om tro i seg selv.

Når jeg tenker etter, så er det kanskje ikke så merkelig likevel. Fager kveldsol smiler har en helt egen ro i seg. Den rommer både det vakre og det vemodige. Kanskje er det også derfor den ofte synges i begravelser? Den bærer med seg en stillhet som ikke er tom, men full av noe. Kanskje håp? Kanskje takk? Den forsøker ikke å forklare det vonde, men får likevel være til trøst. Kanskje fordi den så stille og rolig minner oss om livets rytme, at alt har sin tid, og at også det vonde og vemodige hører livet til.

Det er ikke en salme som roper, men en som hvisker. Nesten beroligende på sett og vis.

Kanskje er det derfor den noen ganger dukker opp når kvelden faller på, barna skal sove, og

huset endelig stilner? Den gir et lite pusterom mellom alt som skal rekkles. Og mens jeg synger, kjenner jeg at noe gammelt og kjent fortsatt kan gi ro. Kanskje det er akkurat derfor jeg synger den?

En fin sang synes jeg den er i alle fall.

- Lene Viste

*Fager kveldsol smiler
over heimen ned,
jord og himmel kviler
stilt i heilag fred.*

*Berre bekken brusar
frå det bratte fjell,
Høyr kor sterkt det susar
i den stille kveld!*

*Ingen kveld kan læra
bekken fred og ro,
ingi klokke bera
honom kvilebod.*

*Så mitt hjarta stundar,
bankande i barm,
til eg ein gong blundar
i Guds faderarm.*

Tekst: August H. Hoffmann von
Fallersleben 1837
Peter Hognestad 1904.

Melodi:
Christian Heinrich Rinch 1814.



VELKOMEN TIL KYRKJE!

FULLDISTRIBUSJON

Desember

19 12 2025 Skulegudstenester ved vikarprest Dag Henrik Berggrav
Lidar kyrkje kl. 08.30
Rogne kyrkje kl. 10.00
Volbu kyrkje kl. 11.30

21 12 2025 Ø.S. Helsetun kl. 13.30
Julegudsteneste ved vikarprest Dag Henrik Berggrav

21 12 2025 Hegge stavkyrkje kl. 19.30
Vi syng jula inn ved vikarprest Dag Henrik Berggrav og konfirmantane.

24 12 2025 Lidar kyrkje kl. 13.00
Julaftangudsteneste ved vikarprest Dag Henrik Berggrav

24 12 2025 Rogne kyrkje kl. 14.30
Julaftangudsteneste ved vikarprest Dag Henrik Berggrav

24 12 2025 Hegge stavkyrkje kl. 16.00
Julaftanguds-teneste ved vikarprest Dag Henrik Berggrav

25 12 2025 Hegge stavkyrkje kl. 12.00
Høgtidsmesse ved vikar

Volbu kyrkje kl 19.30 Høgmesse ved vikar

Januar

11 01 2026
Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste utdeling av 4 års bøker ved sokneprest Ola Viker Lunde

11 01 2026 Rogne kyrkje kl. 13.00
Høgmesse innsettingsgudsteneste av sokneprest Ola Viker Lunde
Kyrjekaffi kyrkjestogo

25 01 2026 Hegge stavkyrkje kl. 11.00
Gudsteneste utdeling av 4 års bøker ved sokneprest Ola Viker Lunde

25 01 2026 Volbu kyrkje kl. 13.00
Høgmesse utdeling av 4 års bøker ved sokneprest Ola Viker Lunde

Februar

01 02 2026 Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste vikar

08 02 2026 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse utdeling av 4 års bøker ved sokneprest Ola Viker Lunde

22 02 2026 Hegge stavkyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Ola Viker Lunde

Mars

01 03 2026 Lyskapellet kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Ola Viker Lunde

01 03 2026 Rogne kyrkjestogo kl. 19.30
Songgudsteneste ved sokneprest Ola Viker Lunde

08 03 2026 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved sokneprest Ola Viker Lunde

22 03 2026 Hegge stavkyrkje kl. 11.00
Gudsteneste. Utsending av konfirmantane til årets fasteaksjon. ved sokneprest Ola Viker Lunde
Takkoffer Kirkens nødhjelp

Babysong

i Rogne kyrkjestogo kl. 11.00-13.00
20. januar, 10. februar, 3. mars og 24. mars 2026.

Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.
NB! Den gylne time er avlyst i desember grunna prestemangel, men starter på igjen 8. januar når ny prest er på plass.

Salmekveld

i Rogne kyrkjestogo kl. 19.00.
19. januar, 9. februar, 2. mars og 23. mars

Årsmøte

Rogne 23. februar 2026 kl. 19.00 i Rogne kyrkjestogo.
Volbu 8. mars 2026 etter messa i Volbu kyrkje.
Lidar 5. mars 2026 kl. 19.00 på Lidar skule.
Hegge 22. mars 2026 etter messa i Hegge kyrkjestogo.

www.skjerikirken.no -er ei felles infoside om alt som skjer i kyrkja.

KYRKJA SI HEIMESIDE: www.kyrkja.no/oystre-slidre

FACEBOOK: /Kyrkja-i-Øystre-Slidre

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.

Konsertar:

«JUL MED VALDRESMÅL..... OG MEINING

14. desember 2025 i Lidar kyrkje kl. 18:30
Billettsal: valdresjul.ticketco.event

VALDRES KAMMERKOR

12. desember 2025 Lidar kyrkje kl. 19.30. Billettsal i døra.

JULEKONSERT MED RØYST- ØYSTRE SLIDRE SANGLAG

17. desember 2025 Rogne kyrkje kl. 19.00. Gratis inngang.

NYTTÅRSKONSERT

31. desember 2025 kl. 15.00 i Volbu kyrkje. Gratis inngang.
Hjarteleg velkomen. - Volbu sokneråd.



Juletefest

Juletefest på Tingvang søndag 4. januar 2026 kl. 17.00.

Det blir underhaldning, bevertning og gang rundt juletreet. Alle er hjarteleg velkomne.

Arr. Sokneråda og Øystre Slidre Røde kors Omsorg.



Velkommen til utdeling av 4-årsbok!

Lidar kyrkje:
11. januar 2026 kl. 11.00
Hegge stavkyrkje:
25. januar 2026 kl. 11.00
Volbu kyrkje:
25. januar 2026 kl. 13.00
Rogne kyrkje:
08. februar 2026 kl. 11.00